



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato
15.10.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/13209 363.3
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland
v/ordførar og rådmann

Hordaland fylkeskommune
v/ fylkesordførar og fylkesrådmann

Auka behov for mottakspllassar for asylsøkjarar – kartlegging av eigna lokale

I samarbeid med Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) og UDI Vest ber Fylkesmannen kommunane i Hordaland og Hordaland fylkeskommune om å kartleggje om det fins lokale som kan vere eigna som innkvartering for asylsøkjarar. Vi vil samstundes gjere merksam på at Fylkesmannen har eit rettleatingsansvar for vertskommunar som har flyktningmottak.

Etablering av mottak og rapportering

Det har den siste tida vore ein stor auke i talet på asylsøkjarar til Noreg. Berre i september kom det om lag 4 900 asylsøkjarar til landet. Det er òg fleire einslege mindreårige som kjem enn det som har vore vanleg i dei seinare åra. Høge ankomsttal fører til behov for fleire tusen nye mottakspllassar og UDI arbeider med å etablere nye mottak over heile landet. Det inneber at mange kommunar i Hordaland kan kome til å bli kontakta av ulike operatørar som ønskjer å driva mottak.

Mange kommunar har bygningar som ikkje lenger blir nytta til det tiltenkte føremålet. På oppdrag frå DSB ber Fylkesmannen alle kommunane i Hordaland om å kartleggje og rapportere om ledig bygningsmasse, samt vurdere i kva grad lokala er eigna som innkvartering for flyktningar. For å få eit komplett bilde over alle aktuelle bygningar, ber vi om at kommunane også rapporterer om lokale som tidlegare har blitt vurderte som flyktningmottak. Det er behov for lokale både til kortsiktig bruk og for meir langsiktige opphold. For å få eit systematisk oversyn over dette må kommunen nytte vedlagt skjema, og returnere det til fmhopostmottak@fylkesmannen.no. **Fristen for rapportering er sett til 22. oktober.** Dette er ein kort frist, men situasjonen krev omgåande løysingar når det gjeld innkvartering av asylsøkjarar.

Dersom kommunen meiner at det er andre relevante opplysningar som bør nemnast, er det viktig at det blir tatt med i svaret. Den enkelte kommune må og ta ei førebels vurdering av om det er behov for bruksendring og eventuelt omregulering av aktuell bygningsmasse. Fylkesmannen kan rettleie om gjeldande regelverk på området. Dersom UDI ynskjer å nytte innrapporterte lokale som mottak for flyktningar, vil kommunen bli informert og følgd opp som vanleg ved etablering av mottak.

Dersom kommunen har eigna bygningar, kan han sjølv ta kontakt med eksisterande driftsoperatørar for å diskutere drift. Vi minner om at kommunen og har høve til å drive mottak sjølv, og at nye kommunale driftsoperatørar er særskilt velkomne.

For spørsmål om etablering av mottakslassar, ta kontakt med UDI, Regionskontor Vest.

Vertskommunar for mottak

Barn og vaksne som bur i asylmottak har på fleire områder dei same rettane som andre innbyggjarar i kommunen. Kommunen har då ansvar for å gje dei gode og likeverdige tilbod. På nokre områder har asylsökjarar på mottak andre eller færre rettar enn resten av befolkninga.

Fylkesmannen er i kontakt med kommunane på mange ulike fagfelt. Både helse, barnevern, skule, barnehage og verjemål vil til dømes vere tenestområde som *kan* vere aktuelle for dei som bur på i mottak. Fylkesmannen sine ulike avdelingar kan gi informasjon om gjeldande lov og regelverk, og rettleie kommunane om organisering av tilbod til asylsøkarar.

Ta gjerne kontakt med Fylkesmannen sine fagavdelingar ved spørsmål og for meir informasjon.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.